

Telemarkfestivalen

PROGRAM | 8.-11. AUGUST 2024 | 35 ÅR

FY FELA SOM ME GLEDAR KÅNN!

Ingebjørg Bratland
& Odd Nordstoga:
«Langt Heimafrå»

VALKYRIEN ALLSTARS

Sara Parkman

Kajsa Balto

Dallahan

...og mykje meir!

BILLETTAR OG MEIR INFO

Gullbring Kulturhus www.gullbring.no | Tlf 35 06 03 90 | www.telemarkfestivalen.no

FY FELA FOR EIN FESTIVAL

Billettar
www.gullbring.no
tlf 35 06 03 90
Få med deg alt?
Festivalpass: 2035,-

Velkomen til Telemarkfestivalen 2024!

Fy fela som me gleder kånn til **Telemarkfestivalen 2024!** Me gleder kånn til eit mangfaldig og godt program med mykje flott lokal, nasjonal og internasjonal folkemusikk! Me gleder kånn til eit spennande tingingsverk og tema-konsert på Pakkhuset ved Bø stasjon, me gleder kånn til ein råtøff fredagskveld på Kroa i Bø, me gleder kånn til yrande folkeliv på Torgfestivalen, me gleder kånn til framsyninga «Bergekongen», me gleder kånn til laurdagsmoro i Sandvinparken, me gleder kånn til Borgjakonsert på Evju bygdetun - me gleder kånn rett og slett til å skipe til ein fantastisk festival med mange unike og magiske augneblinkar! Og me gleder kånn til å sjå DEG!

Fy fela så velkomen du er!

Med beste helsing,
Evy Beate Stykket, Heidi Elise Klokkehaug, Anders Hefre, Torgeir Gullbekk Hansen, Evelyn Utigard, Idrak Abbasov, Thea Myrjord Norheim, Kristoffer Mosfjeld og Knut Eirik Hult.
Styret og administrasjon

Meir info

Eventuelle endringar og meir detaljert informasjon om programmet for årets festival finn du på festivalen sin nettstad www.telemarkfestivalen.no og på festivalen si Facebook-side.

Spørsmål?

post@telemarkfestivalen.no
Tlf 48 20 50 66

Foto: Nina Utler



Tingingsverk: «LOCUS»

TORS DAG 8. AUGUST :: PAKKHUSET VED BØ STASJON :: KL 20.00 :: 335,- / 435,-* [*båe konsertar]

Musikalsk togreise frå Telemark og ut i verda

I 2024 er det 100 år sidan jernbanen kom til Bø - og verda vart brått mindre. Som så mange andre stader så har jernbana vore enormt viktig for Bø. Jernbana gjorde det meir lett vint for folk å reise ut frå Midt-Telemark og heim igjen - folkemusikarar inkludert. Ein kan såleis peike på korleis utøvarar innan folkemusikk tok med seg tradisjonsmusikken frå Telemark ut i verda, og dei kom gjerne heim med inntrykk frå andre musikktradisjonar som vidare vart med å forme den heimlege tradisjonsmusikken.

Håkon Aase er ein felespelar frå Flatdal i Telemark som er fostra opp på tradisjonsmusikken frå Telemark og andre musikkformer i ein musikalsk familie. Trass ung alder har han gjort seg merka med eminent og eigenarta spel. I tillegg til egne prosjekt er han fast muskar for mellom andre Odd Nordstoga og Mathias Eick. Aase omtalar seg sjølv som ein verdsborgar når det kjem til musikk, og han er stadig på reisefot for å la seg inspirere av andre musikkformer rundt om i verda.

I tingingsverket «Locus» vil publikum såleis få vere med på ei musikalsk togreise frå Telemark og ut i verda med Håkon Aase som lokomotivfører og fantastiske musikarar som konduktørar. Musikken i tingingsverket vil spegle Haakon Aase sin fascinasjon og lidenskap for den norske tradisjonsmusikken så vel som tradisjonsmusikk frå andre delar av verda. Tingingsverket har fått tittelen «Locus» som tyder «stad» på latin. Ordet lokomotiv er derivert frå latin med «locus» og «motivus» som enkelt oversett tyder eit ønskje om å flytte seg frå ein stad til ein annan. På same måte som lokomotiva flyttar seg mellom stader er det lett å tenkje seg at musikken gjer det same.

Medverkande

Håkon Aase - fiolin
Frode Haltli - akkordeon
Hans Hulbækmo - perkusjon
Ole Morten Vågan - kontrabass
Eivind Lønning - trompet

Tingingsverket er særskild støtta av Telemark fylkeskommune og Kulturdirektoratet. Me takkar!



Foto: Vidri Landa

NAALJOS LJOM

TORS DAG 8. AUGUST :: PAKKHUSET VED BØ STASJON :: KL 22.00 :: 235,- / 435,-* (*både konsertar)

Tradisjonell folkemusikk i elektronisk tapping

«I dag skal me høyre musikk som ein ikkje fer fram på vanleg orgel eller piano. Dette er folketonar som inneheld tonesteg og intervall som ligg utanfor det vanlege tonesystem».

Det seier Eivind Groven i opptak som ein introduksjon til «Tolvtalvisa» på Naaljos Ljom si andre plate som kom i 2023. Det er mange som står utanfor institusjonar og gjer ting sjølv og som kjem fram til veldig interessante idéar på tvers av det etablerte. Eivind Groven var ein av desse. Han byrja å stemme om eit akustisk harmonium allereie på 1930-talet og seinare laga han eit reinstemd kirkeorgel og eit rele-basert reinstemd elektronisk orgel. Duoen Naaljos Ljom er sterkt inspirert av Eivind Groven si tilnærming til den tradisjonelle folkemusikken.

Naaljos Ljom blander tradisjonell norsk mikrotonal folkemusikk med meir elektroniske impulsar. Naaljos Ljom står for illevarslande lydar og reinstemde møte mellom folkemusikk og elektronika. Fele, langeleik, munnharpe møter synthar, trommemaskinar og andre digitale musikkverktøy. Resultatet er slående vakkert, forførande, mystisk og rytmisk smittande.

Medverkande

Anders Hana - reinstemd gitar, hardingfel, fele, langeleik og munnharpe

Morten Joh - reinstemd synth, trommemaskin og slåtteromme

FESTIVALKVISS MED TORGEIR

TORS DAG 8. AUGUST :: THE BULL INN :: KL 20.00 :: GRATIS!

Festivalkviss på Bull!

I samarbeid med Bull Inn er me glade for å kunne invitere til ein akkurat passe vanskeleg festivalkviss. Kvissmester vil vere Torgeir Gullbekk Hansen, og spørsmåla vil som vanleg vere ei fin blanding av

musikkrelaterte spørsmål - og heilt andre tema. Det blir ein fin premie til vinnarlaget!

Kvissen startar kl 20:00, og vil vare i om lag to timar.



Foto: Anthony Mulcahy

VINCENT CROSS

TORS DAG 8. AUGUST :: THE BULL INN :: ca KL 22.30 :: GRATIS!

Amerikansk trubadur med glimt i auget

Vincent Cross er ein trubadur som er fødd i Dublin, oppvaksen i Australia og er no busett i USA. Den beste venen hans er Martin - den gamle gitaren - som følgjer han til Noreg for tredje gong. Me er fleire som hugsar besøka på Telemarkfestivalen i 2015 og 2019 med glede. Med humor og glimt i auget spelar han både eigen og andre sin musikk som stort sett høyrer heime i eit landskap med mykje blågras og røtter, men også med innslag av country og blues. Ei samanlikning med nokre av dei store amerikanske

visepoetane som Bob Dylan, Woody Guthrie og Neil Young er nok ikkje heilt bak mål. Vincent vil du møte fleire gonger i løpet av festivalhelga:

Fredag 9.8 - kl 19:00 - Opningskonserten, Gullbring
Laurdag 10.8 - kl 18:30 - O'Leary's, Sønstebøtunet
Sundag 11.8 - kl 17:00 - «Bø stasjon - 100 år», Pakkhuset

Medverkande

Vincent Cross - gitar, banjo, vokal



LARS-INGAR MEYER FJELD: «Slåttar etter Johannes Dahle»

FREDAG 9. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 17.00 :: 235,-

Plateslepp med slåttar etter Johannes Dahle

Lars-Ingar Meyer Fjeld kjem opphavleg frå Sandefjord og har fordjupa seg i hardingfelespel frå Telemark. Det er spel i Løndal-tradisjon frå Tuddal og Johannes Dahle frå Tinn som er idealet. Han har fleire gonger spelt seg til pallplasseringar i klasse A på landskap-leiken. I 2016 kom han ut med si fyrste soloplate: «Hardingfele», på plateselskapet Ta:lik. Denne vart nominert til Spellemannsprisen. No er han aktuell med ny plate med slåttar etter meisterspelemann Johannes Dahle frå Tinn.

Johannes Dahle var ein meisterspelemann som tok vare på dei eldre slåttane etter Håvard Gibøen og Myllarguten, men han komponerte òg nye slåttar, og truleg kan han reknast som 1900-talets største

slåttekomponist. Dahle komponerte om lag 60 originale slåttar - alle i hans eige landskap, men samstundes djupt forankra i Tinn-tradisjonen. I denne platesleppkonserten vil me få høyre eit utval av desse særeigne slåttane, i første rekkje framført av Lars-Ingar sjølv, men nokre av dei vil også bli framført av Tinn spelemannslag. I tillegg får me sjå Tinnspringaren og Tinngangaren av dansarane Birgit Haukås og Knut Boksasp Berge.

Medverkande

Lars-Ingar Meyer Fjeld - hardingfele

Tinn spelemannslag - hardingfeler

Birgit Haukås - dans

Knut Boksasp Berge - dans



OPNINGSKONSERTEN

FREDAG 9. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 365,- / 495,-

Konfekteska med dei mange gode bitane

I årets opningskonsert vil me møte den skotske supergruppa Dallahan med vakre balladar og raske «jigs and reels», me vil møte folkesongar Øyonn Groven Myhren og multi-instrumentalist Leiv Solberg som er aktuelle med eit konsertprogram om «Gamle-Rikard» frå Rauland, me vil møte gjengen i Folkemusikk fordjuping som byr på ein liten smakebit frå den heilt nye framsyninga, «Bergekongen», me vil få gjenfør med den flotte musikken frå «Veslefrikk med fela» som nyleg vart relansert, me vil møte Ruby Red & the Moonshine Brothers med nydeleg folkemusikk-country, me vil møte Jon Jarle Haugen og Vincent Cross som vil presenterer musikk knytt til arbeidet

med jernbanen i Noreg og Amerika - og sist, men absolutt ikkje minst; me vil møte Spelemannslaget Bøheringen og Bø dansarring som avsluttar kalaset.

Leiv Solberg vil formelt opne årets festival, medan Jorid Vale vil leie oss gjennom konserten med stødig hand!

Velkomen til ei nydeleg konfekteska av ein konsert!

Meir info

*Billettpris på 495,- gir inngang til Øyonn Groven Myhren & Leiv Solberg: «Gamle-Rikard» i Framstugo etter Opningskonserten.



Foto: Knut Utler

ØYONN GROVEN MYHREN & LEIV SOLBERG: «Gamle-Rikard»

FREDAG 9. AUGUST :: FRAMSTUGO, GULLBRING :: ca KL 21.00 :: 235,-

Den musikalske arva etter «Gamle Rikard»

Rikard Aslaksen Berge (1815 - 1902) frå Rauland var ein røynd mann i fjellbygda. Han var ordførar, han var intellektuelt nysgjerrig og det vert sagt at Ivar Aasen besøka han på Rauland og følgde etter Rikard med notablokk medan han arbeide.

Rikard etterlet seg òg ei musikalsk arv av slåttar, viser, tekstar og folketonar. Hans barnebarn Rikard Berge bevarte mykje av denne arva som vart ein del av utgjevinga «Norsk viseugg» i 1904. Materialet etter «Gamle

Rikard» er ufortent lite kjend og gir eit tidsbilete av eit levande musikkmiljø på 1800-tallet. Øyonn Groven Myhren og Leiv Solberg - tremeningar og erfarne musikarar - utforskar no for første gang musikken til deira felles tipploddefar i ein lun og morosam konsert med gode historier, nydeleg song og godt spel.

Medverkande

Øyonn Groven Myhren - vokal, lyre


Leiv Solberg - gitar, hardingfele, mandola med meir

VI ER STOLT SPONSOR AV
TELEMARKFESTIVALEN
SPIS MIDDAG FØR KONSERT
I VÅR RESTAURANT



BØ HOTELL

Restaurant - Selskap - Overnatting



VALKYRIEN ALLSTARS

FREDAG 9. AUGUST :: KROA I BØ :: KL 21.00 :: 435,- (Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

Gnistrande samspel frå eit landets beste liveband!

Me er glade for å ønske eit av landets beste liveband tilbake til Telemarkfestivalen! Valkyrien Allstars har sidan si første plate i 2007 vore ei leiestjerne i utviklinga av arrangert folkemusikk. Bandet har dratt i nye retningar for kvar plate dei har gitt ut, og har eit heilt eige uttrykk som dei ikkje delar med nokon i heile verda.

Det foreløpige siste studioalbumet, «Slutte og byne» vann Spellemannsprisen. Tittelsporet vart raskt nærmast eit mantra for folket frå sør til nord, og albumet vart hylla som eit av dei beste albuma det året! Når dei no kjem tilbake til Bø, ryktast det at dei vil ha med seg ny musikk.

Valkyrien Allstars lagar låtar som vert ståande som evig kjærleik og mysterium som aldri vert løyst. Både på plate og live ligg energi, inderlegheit og overraskande vendingar på ei seng av det som vanskeleg let seg simulere: gnistrande samspel.

Medverkande:

Tuva Syvertsen - vokal, hardingfele, elektronikk

Erik Sollid - gitar, hardingfele, elektronikk

Magnus Larsen Jr. - perkusjon

Martin Langlie - kontrabass

DJ Daeva snurrar plater i Intimen gjennom kvelden!

DJ Daeva er ein anerkjend DJ, kunstnar og aktivist fødd og oppvaksen i Teheran. Med ein lidenskap for musikk og djup forståing for korleis musikken samlar menneske, inviterer ho til eit danse-eventyr på tvers av alle sju kontinent. Ho har vore DJ i 20 år og har spelt på Cosmopolite, Blå, Nasjonalmuseet, Riksscenen, Munchmuseet, Oslo Pride og mange fleire. No kjem ho til Telemark for første gong!





SARA PARKMAN

FREDAG 9. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 22.30 :: 435,- (Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

Banebrytande svensk superstjerne

Svenske Sara Parkman har tatt den svenske folkemusikkscena med storm og rett og slett fått kultstatus innan moderne svensk folkemusikk. Songaren, felespelaren og låtskrivaren utforskar kva det vil seia å vera menneske - med kropp og sjel. Som tredjegenarasjons prestedotter, har Sara den religiøse folkemusikken i botn for alt ho gjer. Ho slo gjennom med albumet «Vesper» i 2019, og følgde opp med, «Eros Agape Philia» i 2022, og «Funeral Folk» i 2023 til strålende kritikkar og eit hagl av prisenominasjonar. Sara Parkman er ein banebrytande folkemusikar som er kjend for både å stille spørsmål ved og omfamne tradisjonar på en så uforskamma og samstundes så gjennomtenkt måte, at ein kan seie at ho har skapt sitt eget musikalske univers som berre må opplevast.

Med ein usedvanleg kraftfull vokal, intrikat felespel, synthar, trommemaskinar og ikkje minst - ei utruleg sceneutstråling vil ein konsert med Sara Parkman utvilsamt gjere eit usletteleg inntrykk!

Medverkande

Sara Parkman - fiolin, vokal
Hampus Norén - harmonium, gitar, vokal
Anna Möller - fiolin, bratsj, vokal
Jennie Abrahamson - tangentar, vokal
Konrad Agnas - trommer



RØINE/WARG + OPHEIM: «Bibopalula»

FREDAG 9. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 00.00 :: 435,- (Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

Dystopisk og mørkt under Lifjell

«Sannsynligvis noe av det mest originale siden finsk/ svenske Hedningarne kom på banen» skreiv Arvid Skancke-Knutsen i Klassekampen om plata «Bibopalula» etter utgjevinga i 2018. Seinare fekk plata Folkelarmprisen i open klasse. Sidan den gong har plata fått ein smått legendarisk status, og Anders Røine og Daniel Sandén-Warg har berre spelt ein konsert sidan plata kom. Det skjedde på Riksscenen i mars 2023, og publikum som var til stades uttrykte stor begeistring. No skal me endeleg få høyre meisterverket i sin heilskap på heimebane i Bø, og høve til å høyre «Born in Bø», «Postmann», «Smal-Hans» og dei andre perlene i det mørke, dystopiske og til tider klaustrofobiske universet som dei røynde karane tek oss med inn i.

*Før var det lyst, nå er det mørkt
Der det grodde er det knusktørt*

Medverkande

Anders Erik Røine - fele, gitar, langeleik, munnharpe, vokal
Daniel Sandén-Warg - hardingfele, fele, moraharpe, munnharpe, vokal
Kåre Opheim - trommer, perkusjon

SENTRUMSRINGEN

Handelsstanden i Bø



& LOKALMEGLEREN
PARTNERS



Bø Auto AS



**Tusen
takk**

til nærings-
livet i Bø
for støtte
til festivalen!



REMA 1000
SKOGEN



FARGERIKE
Bø Maling a/s

*Sentrum Vaskeri
og Renhold AS*



Foto: Knut Utter

TORGFESTIVALEN - ein festival i festivalen

LAURDAG 10. AUGUST :: BØ TORG :: KL 11.00-16.30 :: GRATIS!

Musikk, marknad og leik på torget!

Me vil invitere alle born, unge, unge vaksne, vaksne og eldre vaksne til å delta på Torgfestivalen - ein festival i festivalen! Telemarkfestivalen sin eigen torgdag har blitt svært populær! Me gledar kánn til yrande folkeliv på torget med flotte gratiskonsertar, dans, Roheim-parade, spennande marknad og artige aktivitetar for store og små!

Kl 13:00 - Familiekonsert med Igor Dunderovic & Marihøne Airlines
Kl 14:00 - Roheim-paraden kóyrer i Bøgata
Kl 14:30 - Torgdans
Kl 15:30 - Konsert med Folkebandet
Kl 16:30 - Torgfestivalen stengjer

Endringar kan kome!

Program for Torgfestivalen:

Kl 11:00 - Torgfestivalen opnar
Kl 12:00 - Konsert med UngFolk

Arrangementet er støtta av Sparebankstiftinga Bø. Me takkar!



Familiekonsert: IGOR DUNDEROVIC & MARIHØNE AIRLINES

LAURDAG 10. AUGUST :: BØ TORG :: KL 13.00-14.00 :: GRATIS!

Høgtsvevande familiekonsert!

Bli med på ein morosam flytur med Igor Dunderovic & Marihøne Airlines! Dei kan love ei musikalsk flyreise gjennom store luftlommer, urytmiske krumspring og ei sky av forvirring. Marihøne Airlines med kaptein Igor og flyvertane Atdle og Nesa gir publikum ein høgtsvevande kabaretkonsert med teatralisk balkan-jazz, impro, skeive rytmar, raske temposkift, dramatiske overgangar, barnsleg glede og høgoktan energi. Marihøne Airlines landar alltid støtt på alle hjula slik at alle kan rekke korresponderande transport heim.

Kaptein Igor Dunderovic er artist og komikar direkte frå Vinter-OL i Sarajevo, og er eit kjend ansikt på norske scener. Flyvertane Atdle og Nesa er proffe balkan-musikarar med mange lange Balkan-festar

på CV'en og tek alle rytmiske utfordringar på strak arm og med raske fingre.

Medverkande:

Igor Dunderovic - vokal, gitar
Atdle Marku - piano, bass, trekkspel
Nenad Mihajlovic - gitar, vokal



Foto: Karoline Bjørnel

KAJSA BALTO

LAURDAG 10. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 15.30 :: 285,-

Magisk i Konsertlåven

Gamle tradisjonar møter den moderne verda i Kajsa Balto sitt musikalske uttrykk, der joik og nordsamiske tekstar vert presentert i eit sjeldan sjelfullt lydbilete. Kajsa har dei siste åra markert seg med sitt særeigne vokaluttrykk, og fått mange lovord frå mange hold for sine utgjevingar og prestasjonar frå scenen. Ho framfører musikken sitt med ein fortryllande intensitet, og skapar sterke konsertopplevingar.

Kajsa Balto er oppvaksen i Oslo - ein bakgrunn som har prega hennar innfallsvinkel til tradisjonell samisk musikk. Sidan debuten i 2017 har ho skrive ny musikk basert på tradisjonar frå Kåråsjohka der far hennar kjem frå, og ho har henta fram joikar frå eigen familie. Kajsa har dei siste åra samarbeidd med mellom andre Arktisk Filharmon og Kringkastingsorkesteret, og ho har turnert i inn- og utland med sitt faste band bestående av cello, gitar og trommer. På sjølvaste nasjonaldagen slapp ho sitt fjerde album, «Rájás», til strålende mottaking. Det vert ei magisk oppleving i konsertlåven!

Et ypperlig eksempel på hvordan musikken ikke kjenner grenser og blir et felles språk på tvers av kulturer
 - Folkemusikk

Kajsa Baltos album «Buot Eallá» var 2020s mest magiske øyeblikk i norsk musikk
 - NRK Kultur

Musikk til å bli trollbundet av
 - musikknyheter.no

Medverkande:

Kajsa Balto - vokal
Ragnhild Tronsmo Haugland - cello
Aleksander Sjølie - gitar
Aleksander Kostopoulos - trommer

Hardingfelespelar Sunniva Langås-Røiland og kvedar Magnhild Garnås Haugen fekk tildelt Drømmestipendet tidlegare i år. Dei vil framføre flott slåttespel og nydeleg song i forkant av konserten med Kajsa Balto.



Folkemusikk fordjuping: «BERGEKONGEN»

LAURDAG 10. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING KULTURHUS :: KL 18.00 :: 285,-

Ny framvising frå neste generasjon folkemusikkutøvarar!

Fordjupingskurset Folkemusikk fordjuping er eit tilbod til unge utøvarar innan folkemusikk og -dans i vår region. I 2024 har dei jobba med framsyninga, «Bergekongen» som vil ha si premiere under årets festival. Framsyninga har sitt utgangspunkt i dei kjende folkevisene «Margit Hjukse» og «Liti-Kjersti og Bergekongen» frå Telemark. Begge visene fortel om korleis dei to jentene vert bergtekne og tatt med inni berget av Bergekongen, og dei forsøker å sleppe ut att - noko Bergekongen ikkje er særleg begeistra for.

Folkemusikk fordjuping vil dramatisere innhald og budskap i visene i ei eiga framsyning med skodespel, spel, song og dans. Dans og spel vil bli synt fram med nyskriven koreografi, komposisjonar og nye arrangement.

Bli med på ei spennande reise inn i Bergekongen sitt rike!

Meir info

Framsyninga er eit samarbeid med Midt-Telemark kulturskole og Sørnorsk folkemusikksenter og er støtta av Sparebankstiftelsen DNB.

Born til og med 14 år kjem gratis inn på framsyninga.

Idé og manus: Even Ellegaard Westeng

Koreografi: Jan Ivar Lund

Kostyme: Ingvild Flottorp, Anne Britt Seljord Amundsen og Ellen Hogstad-Erikstein

Lærarar og musikarar: Lars-Ingar Meyer Fjeld, Johanne Flottorp, Ingebjørg Lognvik, Even Ellegaard Westeng

På scenen: Ellen Erikstein, Olav Brennemo Eriksen, Mari Bergskås, Lotta Maylen Finset, Sigrid Midtbø, Eskil Evju Fjeldly, Jon Romtveit, Anne Garden, Mari Røysland, Gisle Snarteland, Åste Tveito Fæhn, Aurora Lie Verpe, Anne Britt Amundsen, Synne Eintveit, Endre Stulien, Hanna Mårdalen Hansen, Åste Våle, Gunhild H. Vreim, Ingrid Nordstoga, Aksel Hovda Rostad, Guro Høibo.



INGEBJØRG BRATLAND & ODD NORDSTOGA: «Langt Heimafrå»

LAURDAG 10. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: KL 20.00 :: 635,- (Gjeld for heile kvelden på Sandvin)

Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga saman att!

Det er no gått over ti år sidan duoen spelte inn plata «Heimafrå» til stor jubel, og i 2013 heldt Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga ein nydeleg konsert i lag på ein stappfull Skogen gard i sentrum. Skogen gard finst ikkje meir, men minna frå den fantastiske «Heimafrå»-konserten lev vidare. Sidan den gong har Ingebjørg Bratland blitt ein av dei største artistane i Noreg, medan Nordstoga har fortsett med å levere ei rad med album som publikum og kritikarar har elska. Når Ingebjørg og Odd no slår seg saman att, er det aldri langt til den rike folkemusikkarva dei begge har med seg frå barndomen i Vinje og Edland, og som dei både har tufta sitt nydelege musikalske uttrykk på.

I 2024 kjem dei tilbake til Bø med konserten, «Langt Heimafrå». Plata kom i 2023 og duoen har spelt 99 - stort sett utselde - konsertar land og strand rundt.

Meir info

Konserten er særskild støtta av Telemark Energi og Kraftriket! Me takkar!

Obs! Viss det kjem grueleg mykje regn vil konsertane flyttast inn i salen på Sandvin.

No er turen komen til Telemarkfestivalen, og dei tek med seg alle dei nydelege låtane frå både platene til Sandvinparken denne laurdagskvelden. Vel møtt til ein akustisk, morosam og stemningsfull konsert med to artistar med særdeles god smak - dei er nemleg kvarandre sine største fans.

Medverkande:

Ingebjørg Bratland - vokal, gitar

Odd Nordstoga - vokal, gitar, trekkspel

Tor Egil Kreken - bass

Håkon Aase - feler

Torstein Lofthus - trommer



Foto: Bly Lucas

DALLAHAN

LAURDAG 10. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: ca KL 22.00 :: 635,- / 335,- (Same billett som Ruby Red)

Festmusikk frå Skottland

Med utgangspunkt i Skottland og Irland sin tradisjonelle musikkscene, men òg inspirert av musikk frå både Balkan og Nord-Amerika, tek den skotske supergruppa Dallahan lyttarane med på ei livleg musikalsk reise med imponerende kraft og virtuositet. Dei målar sitt musikalske landskap med ein brei palett - frå vakre balladar til meir fartsfylte «jigs and reels». Dei gav ut sitt debutalbum «When The Day Is On The Turn» i 2014, og sidan den gong har dei turnert over heile verda. Dei har vore nominert i den prestisjetunge kåringa, «Folk Band of the Year» heile tre gongar. I 2023 gav dei sitt foreløpig siste album, «Speak of the Devil» til strålende kritikkar. I 2024 feiar dei 10 år som band, og Telemarkfestivalen er glade for å vere med på feiringa som vertskap for

- etter det me veit - er bandet sin aller første konsert i Noreg!

Medverkande:

Jack Badcock - gitar og vokal
Ciaran Ryan - banjo, mandolin og fele
Andrew Waite - trekkspel
Benedict Morris - fele



Foto: Birte Bee Photography

RUBY RED & THE MOONSHINE BROTHERS

LAURDAG 10. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: ca KL 23.30 :: 635,- / 335,- (Same billett som Dallahan)

Fengande folkemusikk-country

Ruby Red & the Moonshine Brothers består av eitt ektepar, eitt søskenpar og to som heiter Mats. Alle desse er sørlendingar som hausten 2011 kom saman i Oslo for å spele fengande countrypop med ein snert av hardingfele. Bandet tek utgangspunkt i alt frå halshoggingsssoger frå Setesdal via epleslang i Vennesla til grubling under eit tre utanfor Arendal. Det musikalske uttrykket er amerikansk, men likevel har musikken ein norsk bygdeklang over seg. Musikken til Ruby Red & the Moonshine Brothers kjenner ingen aldersgrenser, og difor kan både en bestefar på 87 og ein ungfole på 9 høyre på og setje pris på musikken. I 2023 gav dei ut si fjerde plate, «Getting Louder», til strålende kritikkar!

Medverkande

Marte Herwell - vokal
Nicolai Herwell - akustisk gitar, vokal
Mats William Wennerberg - elektrisk gitar, vokal
Mats Jakob Nesmann - trommer
Johanne Flottorp - hardingfele
Tobias Flottorp - bass
Sindre Sannes - elektrisk gitar

SUNDAGSKURS PÅ EVJU BYGDETUN

PÅMELDING TIL KURS: POST@TELEMARKFESTIVALEN.NO

Sundag 11. august kan du bli med på mange spennande kurs på Evju bygdetun. Ein nydeleg lunsj med ureist mat frå Evju bygdetun er inkludert i kursavgifta.

Kvedarkurs med Anne Gravir Klykken

Raudstugo :: Kl 11.00-14.00 :: 335,- :: 12 plassar

Velkomen til kurs i folkesong frå Telemark! Kurset blir ei uhoøgtideleg samling der deltakarane syng seg gjennom stubbar, viser, slåttestev og bånsullar frå Telemark med Anne Gravir Klykken som kursleiar. Kurset vil sveipe innom stiltrekk og historie knytta til songforma. Kurset kan passe både for deg som er nybyrjar, og for deg som er meir trenda!

Fløytekurs med Silje Hegg

Møllargutstugo :: Kl 11.00-14.00 :: 335,- :: 10 plassar

Tonane frå seljefløyta var eit vakkert vårteikn før i tida - og er det framleis. Seljefløyta er truleg eit av dei eldste instrumenta me har, og me finn slektningar av fløyta over heile verda. Silje Hegg er instruktør.

Ho kjem frå Vinje og har vunne fløyteklassa på Landskappleiken fleire gonger. Den autentiske stilen og rytmiske snerten gjer ho til ein svært omtykt utøvar og ein viktig representant for seljefløyta. Ho var tidlegare med i supergruppa Blåmann Blåmann.

Kursdeltakarane får nytte fløyter laga av Anon Egeland i kurset. Desse kan kjøpast til odel og eige om ein ønskjer det.

Kurs i teledans med Kristian og Borghild

Nye Sjodar :: Kl 11.00-14.00 :: 335,- :: 10 par

Borghild Hardang-Hanto og Kristian Ihle Hanto har vore dansarar sidan barne- og ungdomsåra, og fordjupinga har vore dans til slåttespel med særdrag frå midtre og austre Telemark. Dei har vore A-klassedansarar sidan 70- og 80-talet, og har halde tallause kurs i springar, gangar og halling, her heime og i utlandet. Dette kurset vil passe for både nybyrjarar og for dei som har dansa litt før. Sjølvaste Alf Tveit spelar til dans under kurset - ei oppleving i seg sjølv!

Kurs i pileflett med Mari Fallet Mosand

Verkstaden :: Kl 11.00-14.00 :: 485,- :: 10 plassar

I dette kurset vil Mari Fallet Mosand lære deg å flette ei korg på trebotn, sette inn stakar, flette ulike typar sideflette, flette kimning og legge kant. Med trebotn som start på ei korg har du mange moglegheiter til utforming av ulike fletteprosjekt: store, små, høge, og låge korgar kan bli fletta på trebotnar, og botnen kan bli laga frå mange ulike treslag eller restestank. I kurset vil det bli fletta med pil. Kursavgifta er inkludert materialar.

Påmelding:

post@telemarkfestivalen.no

Kursverksemda er støtta av Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Norsk Musikkråd. Me takkar!



Borgjakonserten:

PER ANDERS BUEN GARNÅS & ALEXANDER AGA RØYNSTRAND

SUNDAG 11. AUGUST :: NYE SJODAR - EVJU BYGDETUN :: KL 15.00 :: 335,-

Hardanger og Telemark møtast i Borgjakonserten

I den tradisjonelle Borgjakonserten vil me i år møte Per Anders Buen Garnås frå Bø i Telemark og Alexander Aga Røystrand frå Granvin i Hardanger. Det vert eit spennande møte mellom to av våre mest røynde hardingfeleutøvarar som dei siste åra har veksla på å vinne Hardingfele klasse A på Landskappleiken. Det er ikkje berre to framifrå utøvarar som møtest - det vert òg eit flott møte mellom to sterke hardingfeletradisjonar. Når dei møtest på Nye Sjodar vil dei framføre slåttar i formene dei har med seg heimanfrå i eit klingande møte med deira eigne personlege uttrykk.


Per Anders Buen Garnås er utdanna ved Spellemannsskolen ved Ole Bull-akademiet på Voss, og vart under Folkelarm i 2022 kåra til «Årets folkemusikar»! Han har vunne Landskappleiken på hardingfele fem gonger, han har vunne Folkelarm-prisen to gonger, og han har vore nominert til Spellemann-prisen tre gonger.

Alexander Aga Røystrand er utdanna ved Spellemannsskolen ved Ole Bull-akademiet, og han har vunne Landskappleiken på hardingfele to gonger. I år gav han ut debutalbumet «Heimom» til strålende kritikkar.

Nes nasjonal dansarring vil ha danseoppvising før konserten. Feleutstillinga på Evju bygdetun vil vere open.

Medverkande

Per Anders Buen Garnås - hardingfele
Alexander Aga Røystrand - hardingfele



Temakonsert: «BØ STASJON - 100 ÅR»

SUNDAG 11. AUGUST :: PAKKHUSET VED BØ STASJON :: KL 17.00 :: 365,-

Gode historier i «salongvogna»

I 2024 vil det vere 100 år sidan jernbanen kom til Bø - og verda vart brått mindre for bøheringane. Som så mange andre stader har jernbanen òg vore enormt viktig for Bø. Telemarkfestivalen 2024 har sitt endestopp søndag 11. august på Pakkhuset, og avsluttast med temakonserten «Bø stasjon - 100 år». I denne temakonserten vil ein flott gjeng med historiekunnige midt-telemarkingar møtast til det som garantert vert ein spennande og interessant salongsamtale om Bø stasjon. Samtala i «salongvogna» vil bli leia av Halvor Kleppen, og me vil få høyre Gunleik Hynne, Gunnar Amundsen, Jon Jarle Haugen, Johan Staxrud og Torgeir Straand.

Det vert òg sjølvstøtt musikk; Jon Jarle Haugen vil framføre eit knippe rallarviser, Vincent Cross frå USA vil framføre nokre «hobo»-viser i anden etter Woody Guthrie, Torgeir Straand kjem med eit par velvalde hardingfeleslåttar - og sist men ikkje minst: Jon Solberg vil framføre ei heilt ny låt skriven spesielt i høve jubileet.

Biletet er frå den flotte samlinga til Bø museum.

OVERNATTING



BØ HOTELL MIDT I BØ SENTRUM

Gullbringvegen 32 / 35 06 08 00
post@bohotell.no
bohotell.no



FIRST CAMP BØ

Lifjellvegen 51 / 35 95 20 12
bocamping@bo.online.no
bocamping.no



BEVERØYA HYTTEUTLEIE OG CAMPING

Gvarvvegen 80 / 35 06 18 81
post@beveroya.no
beveroya.no

RESTAURANTER OG KAFÉAR



O'LEARYS BØ

Bøgata 36 / 35 95 01 75

Ope mån-tors kl 15.00-22.00, fre kl 15.00-24.00,
laur kl 13.00-24.00, sun kl 13.00-21.00.
Burgere, biff, salatar og mykje anna godt



PIZZAFJOSET

Bøgata 11 / 35 95 00 12

Ope mån-fre kl 15.00-22.00, laur-sun kl 13.00-22.00. Pizzabuffet kvar dag. Steakhouse/familierestaurant. A la carte. Uteservering.



DATTEBAYO

Folkestadvegen 1 / 35 95 20 00

Ope mån-tors kl 12.00-21.00, fre-laur kl 12.00-22.00 og søndag kl 14.00-21.00.
Sushi og wok.



AARNES KAFETERIA

Strannavegen 302 / 35 95 57 33

Ope kl 08.00-20.00 kvar dag.
God variasjon i middag, smørettar,
smørbrød og kaker.



SUM YEE CHINESE RESTAURANT OG BAR

Stasjonsvegen 28 (Bø senteret)
35 95 00 01

Ope mån-laur kl 11.00-22.00, søndag kl 14.00-22.00. Kinesisk kvalitetsmat!



PROVENCE RESTAURANT

Bøgata 70 / 35 95 35 96

Ope ons-tors kl 12.00-22.00, fre 12.00-24.00,
laur 13.00-24.00 og søndag 14.00-21.00.
Fransk mat i Midt-Telemark!

Visit Bø har meir informasjon om tilbod og aktivitetar i Midt-Telemark: visitbo.no



Kos dere med fine opplevelser på Telemarkfestivalen.

Vi gleder oss til å skape gode festivalminner sammen med dere.

- Stolt sponsor og bestevenn.

SpareBank 1
SØRØST-NORGE



SOMMERENS
**BESTE
UTVALG**



Du finner oss
på Bø Senteret!

 Meny Bø

MENY

9-21 (20)

**VÅR KRAFT
- DIN ENERGI**

TELEMARK
energi

tenergi.no

 **Kraftriket**
Telemark

kraftriket.no

SYSTEMBLOKK

**NEKANS
TARNET**

BETONGELEMENTER PRODUSERT OG LEVERT AV SYSTEMBLOKK AS

153m ↑

SYSTEMBLOKK ER
TOTALLEVERANDØR AV BETONG-
PRODUKTER FOR HJEM, UTEMILJØ,
BYGG, ANLEGG OG LANDBRUK



foto: Tom Ivar Gravklev

WWW.SYSTEMBLOKK.NO

STOLT SPONSOR AV TELEMARKSFESTIVALEN



BØ INSTALLASJON LETT VALG

Med avdelingene

POWER NOREMA

MESTERLYS **sigdal**

HVITEVARE SERVICE

Bø Installasjon | Tlf. 35 06 03 50 | Stasjonsvegen 17, 3800 Bø | www.installasjon.as

Sønstebø Tunet

WWW.SØNSTEBØTUNET.NO
3800 BØ
TELEFON: **35 06 10 90**



ÅPNINGSTIDER PÅ TUNET
MANDAG-FREDAG **10-18**
LØRDAG **10-16**

• 1928 SØNSTEBØ	35 06 10 90	• O' LEARYS BØ	35 95 01 75	• TANGO FRISØR	35 95 00 06
• BØ REGNSKAP	91 38 44 88	• SPILLEREN SPORT	91 70 73 34	• VARDEN	97 68 86 94
• CUBUS	22 31 84 29	• SØNSTEBØ WORKWEAR	47 32 62 55	• STRIKKEVERDEN	94 00 58 37
• EUROSKO	35 06 10 92	• PRINCESS			



Velkommen til Tunett!

Åpningstider i butikkene
MANDAG-FREDAG **10:00-18:00**
LØRDAG **10:00-16:00**

O'Learys

SPORTS BAR & RESTAURANT • BOWLING & GAMES



Scan QR-koden for åpningstider og meny

Ta vare på lokalbutikkene – velkommen til en trivelig handel hos oss!



Foto: Knud Utler

Takk til sponsorer, samarbeidspartnere og frivillige!

Våre støttespelere:



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Telemark
FYLKESKOMMUNE



Midt-Telemark
kommune



Bøblad

Telemarkfestivalen

PROGRAM | 8.-11. AUGUST 2024 | 35 ÅR

TORS DAG 8. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris*	Stad
Tingingsverket: «Locus»	20.00	335,- / 435,-	Pakkhuset ved Bø stasjon
Festivalkviss	20.00	Gratis!	The Bull Inn
Naaljos Ljom	22.00	235,- / 435,-	Pakkhuset ved Bø stasjon
Vincent Cross	ca 22.30	Gratis!	The Bull Inn

FREDAG 9. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris*	Stad
Lars-Ingar Meyer Fjeld: «Slåttar etter Johannes Dahle»	17.00	235,-	Konsertlåven, Nordbøvegen 10
Opningskonserten	19.00	365,-	Gullbring, Storsalen
Óyonn Groven Myhren & Leiv Solberg: «Gamle-Rikard»	21.00	235,-	Gullbring, Framstugo
FredagsFOLK på Kroa i Bø - Dørene opnar kl 20:00!	20.00-01.30	435,-	Kroa i Bø
Valkyrien Allstars	21.00		
Sara Parkman	ca 22.30		
Røine/Warg + Opheim: «Bibopalula»	ca 00.00		

LAUR DAG 10. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris*	Stad
Torgfestivalen - familiedag med aktiviteter og gratiskonsertar	11.00-16.30	Gratis!	Bø torg
Familiekonsert: Igor Dunderovic & Marihøne Airlines	13.00	Gratis!	Bø torg
Kajsa Balto	15.30	285,-	Konsertlåven, Nordbøvegen 10
Framsnying: «Bergekongen»	18.00	285,-	Gullbring, Storsalen
LaurdagsFOLK på Sandvin - Dørene opnar kl 19:00!	19.00-01.00	635,- / 335,-	Sandvin
Ingebjørg Bratland & Odd Nordstoga: «Langt heimafrå»	20.00		
Dallahan	ca 22.00		
Ruby Red & the Moonshine Brothers	ca 23.30		

SUNDAG 11. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris*	Stad
Kursprogram	11.00-14.00	335,- / 485,-	Evju bygdetun
Borgjakonserten: Per Anders Buen Garnås & Alexander Aga Røystrand	15.00	335,-	Nye Sjodar - Evju bygdetun
Temakonsert: Bø stasjon - 100 år	17.00	365,-	Pakkhuset ved Bø stasjon
Festivalpass: 2035,-			

* Alle billetter til alle arrangementer selgast via Gullbring kulturhus.

* Alle prisar er inkl. bill. avg.

* Born til og med 14 år har gratis adgang. Frå og med 15 år gjeld ordinære prisar. Personer under 18 år må gå i følge med foreldre/foresatte

* Alle tidspunkt markerer konsertstart. Publikum bør kome i god tid før konserten startar.

Takk til sponsorar, samarbeidspartnarar og frivillige!